

Plan 368 Askøyarken gnr. 9 bnr. 9 mfl. Askøy kommune

**KULTURHISTORISKE REGISTRERINGAR
REGULERINGSPLAN FOR ASKØYPARKEN**

**RAPPORT 54
2013**



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Innhaldsliste:

1. Samandrag	s. 1
2. Bakgrunn	s. 1
3. Området	s. 2
4. Tidlegare registreringar og funn i området	s. 3
5. Undersøkinga	s. 4
6. Konklusjon	s. 5

Figurliste:

Fig. 1 Kart med planområdet si plassering i Hordaland	s. 1
Fig. 2 Flyfoto med plangrense, sjakter og sefrak-bygningar	s. 2
Fig. 3 Planområdet	s. 3
Fig. 4 Flyfoto med sjakter gnr. 9 bnr. 108	s. 4
Fig. 5 Sjakt 1 mot NNA	s. 5
Fig. 6 Detalj av steingard mot S	s. 5
Fig. 7 Gardsveg langs berget mot A	s. 5

1. Samandrag

I samband med reguleringsplan for Askøyparken i Askøy kommune vart det 19. og 20. november 2013 gjennomført ei arkeologisk registrering. Undersøkinga vart utført av Robert Stormark og Solveig Roti Dahl på vegne av Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune. Planområdet vart overflateregistrert, og det vart grave tre funntomme sjakter med gravemaskin. Det vart brukta tre dagsverk i felt og rapport er skriven av Solveig Roti Dahl. Gravemaskin og førar var frå Soltvedt Maskin AS.

Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne. Det vart registrert fleire steingardar og bakkemurar, og ein gardsveg frå nyare tid i planområdet.

2. Bakgrunn

Bakgrunn for saka er oppstart av reguleringsplan for Askøy Senter med planar om utviding av senterområdet, offentleg byggeområde og utbetring av lokalt vegnett. Oppstartmelding vart sendt til Hordaland fylkeskommune 11.03.13, og det vart varsle krav om arkeologisk registrering 03.09.13. Kostnadsoverslag vart sendt 23.09.13 og godkjent av tiltakshavar 04.10.13. Saksnummer 201305127.




Fig. 1 Kart med planområdet si plassering i Hordaland.

3. Området

Planområdet ligg ved Askøy Senter på Kleppe, sørvest for Kleppvatnet og Kleppevegen. Mesteparten av planområdet ligg mellom Fv 562 og Kvernhusdalen men ein liten del av planområdet strekk seg over på vestsida av Fv 562.

I planområdet er terrenget kupert med fleire store bergkollar. I midten av planområdet sørvest for Askøy Senter ligg det nokre større flater med svært fuktig beitemark. Terrenget skrår bratt oppover mot Fv 562 i vest. Vegetasjonen er gras og myr med tynn lauvskog på kollane og i skråningane. I nordleg del av planområdet er det ein del utbygd areal, mellom anna Askøy Senter, Kleppe barnehage og private bustader.




Fig. 2 Flyfoto med plangrense, sjakter og sefrakregistererte bygningar




Fig. 3 Planområdet.

4. Tidlegare registreringar og funn i området

Det er ikkje tidlegare registrert automatisk freda kulturminne i planområdet, men det er to sefrak-registrerte jordkjellarar i planområdet på gnr. 9 bnr. 9 og 16. Det er også fleire sefrak-registrerte bygningar rett ved planområdet. Det nærmeste kjende automatisk freda kulturminnet er ei tuft frå romartid på Stongafjellet, Askeladden id 91330.

5. Undersøkinga

Ved registreringa vart det sjakta med gravemaskin og søkt i overflata etter synlege kulturminne. På gnr. 9 bnr. 108 vart det grave tre sjakter. Området viste seg å være svært omrota, med mykje påfyllte massar. Det vart ikke gjort funn i sjaktene. Det vart ikke brukt maskin i andre delar av planområdet på grunn av våte marker/myr og bratt terreng. Resten av planområdet vart overflateregistrert. Det vart ikke gjort funn av automatisk freda kulturminne i planområdet. Det vart registrert fleire kulturminne frå nyare tid, det går steingardar langs eigedomsgrensa mellom gnr. 9 og bnr. 9, 10 og 360, i skråninga opp mot Fv 562 på gnr. 9 bnr. 9 ligg det to bakkemurar, og i aust er det ein oppmurt gardsveg som går frå tunet og ut i utmarka.



Fig. 4 Flyfoto med sjakter gnr. 9 bnr. 108.



Fig. 5 Sjakt 1 mot NNA.



Fig. 6 Detalj av steingard mot S.



Fig. 7 Gardsveg langs berget mot A.

6. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa på Askøyparken gnr. 9 bnr. 9, 10 og 108 mfl. i Askøy kommune vart gjennomført i 19. og 20. november 2013. Det vart ikkje gjort funn som kjem inn under kulturminnelova § 4. Det vart registrert fleire steingardar og bakkemurar, og ein gardsveg frå nyare tid i planområdet. Det ligg óg to sefrak-registrerte jordkjellarar i planområdet.

Litteratur

- Askeladden.ra.no



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no